



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anne Grete Robøle, 5557 2231

Vår dato
18.07.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/9202
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland
Haraldsplass Diakonale Sjukehus
Helse Bergen HF
Helse Fonna HF

Ber om tilbakemelding om turnusplassar for fysioterapeutar 15. august 2015-15. august 2016

Fylkesmannen i Hordaland ber om å få melding om kor mange turnusfysioterapeutar de kan ta imot turnusåret 15. august 2015-15. august 2016. Vi ber og om at de opplyser om det ligg fagleg til rette for at de kan ta imot fleire turnusfysioterapeutar. Svarfristen er 1. november 2014.

Opplysningar frå Høgskolen i Sør-Trøndelag og Høgskolen i Bergen tilseier at det i turnusåret 15. august 2015-15. august 2016 trengst om lag 140 turnusplassar. Det er i tillegg behov for nokre halvårsplassar.

Det er førebels ikkje klart kor mange av dei som har teke utdanning i utlandet som vil melde seg opp til turnusteneste turnusåret 2015-2016. Det blir avklart i november 2014, sjå rundskriv IS-7/2013 frå Helsedirektoratet. Det er heller ikkje avklart kor mange av dei som går opp til ny eksamen i august 2014, som må vente med å byrje i turnusteneste til 15. august 2015.

Dette inneber at det trengst fleire plassar enn året før. Det er svært ønskjeleg å få fleire turnusplassar i kommunane og i spesialisthelsetenesta.

Tilbakemelding om turnusplassar

Vi ber om å få opplyst

- kor mange turnuskandidatar kvar kommune og sjukehus/helseinstitusjon kan ta imot kvart
- halvår
- telefonnummer og adresse til dei enkelte turnusstadene
- kontaktperson/rettleiar for turnuskandidatane på dei enkelte turnusstadene.

Ver venleg å informere rette vedkomande om denne førespurnaden. Vi ber helseforetaka koordinere innsamling av opplysningane frå sjukehusa. Ver venleg å bruke vedlagte skjema ved tilbakemelding og send opplysningane til fmhpostmottak@fylkesmannen.no

Med helsing

Jo Kåre Herfjord
ass. fylkeslege

Anne Grete Robøle
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

Svarskjema turnusplassar 15. august 2015-15. august 2016